

Vurderingsform i 4501 Helsepsykologi Vår 2022

Eksamen er ei individuell oppgåve med ei sjølvvalt, relevant problemstilling innanfor helsepsykologi. I oppgåva skal studenten drøfte og belyse ei sjølvvalt problemstilling ved bruk av relevante kjelder. Studenten må vise at ho/han kan sette seg inn i relevant forskning, drøfte den kritisk, og samanlikne ulike forskingsfunn. Teksten må vere samanhengane, strukturert og forståeleg. Studenten kan gjerne nytte teoriar eller modellar frå helsepsykologi, men dette er ikkje eit absolutt krav.

8-11 sider brødtekst (dvs. ekskludert framside og referansar).

Skrifttype: Times New Roman. 12 pkt. Dobbel linjeavstand.

Vurderingsform: Bestått/Ikkje bestått.

Sensorvegleiing

Haust 2021

PSYPRO4501

Generelle retningslinjer

- Semesteroppgåva skal vere basert på eit tema studenten har valt innan fagfeltet helsepsykologi.
- Temaet bør avgrensast slik at det ikkje blir for vid innfallsvinkel. Problemstillinga skal ha eit eller nokre få spørsmål som så blir diskutert i lys av relevant teori og empiri.
- Det er forventa at studenten har formulert klar(e) problemstilling(ar) i semesteroppgåva.
- Studenten må vise evne til sjølvstendig refleksjon.
- God struktur og klår framstilling er viktig.
- Kritisk og nyansert bruk av kjelder blir vektlagt.
- Det er forventa at studenten har riktig kjeldebruk etter APA stil.

Oppsettet av oppgåva

- Times New roman skriftsstorleik 12
- Dobbel linjeavstand
- 8 - 11 sider brødtekst per kandidat (ekskludert framside, referanseliste og eventuelle vedlegg)
- Sidetal øvst i høgre hjørne
- Avsnitt som innrykk
- Referering i APA-stil